

Hørings svar til Forslag til endringer i byggteknisk forskrift §§ 7-3 og 7-4 - Krav til sikkerhet mot skred og flodbølge som følge av fjellskred

Direktoratet for byggkvalitet

Vår ref.: 22/721-3

Dykkar ref.:

Arkiv: K2-L10

Dato: 27.07.2022

Høringsuttale frå Stranda kommune - endringar i byggteknisk forskrift - krav til sikkerheit mot skred og flodbølge som følge av fjellskred.

Viser til høringsbrev datert 24.06.22 med svarfrist 09. august 2022.

Saka er lagt fram for formannskapet 01.07.22 som gav administrasjon, varaordførar og ordførar fullmakt til å gi høringsuttale.

Det er gledeleg at arbeidet med justeringar av TEK §7-3 og 7-4 no gir konkrete resultat. Stranda kommune har etter invitasjon gjennom fleire år delteke i møter og med skriftlege innspel i arbeidet. Dette med grunnlag i faren for skred frå Åkneset med tilhøyrande flodbølge. Det er laga områdereguleringsplan for Stranda, Hellesylt og Geiranger som alle vert råka av ei eventuell flodbølge. Siste åra har vi også fått mykje erfaring med byggesakshandsaming innanfor rammene TEK §7-3 og §7-4 gir.

Hovudkonklusjonen på høringa er at Stranda kommune støtter foreslåtte endringar fullt ut. Største endringa konkret for Stranda vil likevel berre vere at ein no står noko friare til å plassere blålysstasjonar og ein får langt enklare sakshandsaming for til dømes brakkerigg i faresona.

I høringsbrevet punkt 7.2, 4. avsnitt vert det gjort vurderingar rundt bebuarar eller brukarar som ikkje kan evakuerast ved eiga hjelp ikkje kjem inn under unntaket i § 7-4. I utgangspunktet kan ein vere samd også i dette, men det skaper utfordringar ved til dømes utviding/tilbygg på eksisterande bygg med slike bebuarar/brukarar. Vår erfaring er at TEK §7-4 andre ledd vert for strengt handheva av Statsforvaltaren i Møre og Romsdal – med typisk ei absolutt grense for tilbygg på 50 m². Ein er ikkje samd i høringsnotatet sin konklusjon om at personsikkerheita vert særleg svekka ved å opne for bygningar med slik bruk. All erfaring viser at ein ved sanntidsovervaking får lang varslingsstid som gir god tid til flytting av dei som sjølv ikkje kan flytte seg. **Vår konklusjon er at ein i §7-3, 1. ledd stryk: «eller bygninger som har beboere eller brukere som ikke kan evakueres ved egen hjelp».**

Vi vil også på nytt minne om våre tidlegare innspel, jf. vedlegg:

- Punkt a-e i TEK17 § 7-4 bør presiserast meir i forskrift eller i veiledning
- Vurdere om punkt e om overordna plan kan sløyfast der eksisterande bruk er etablert
- Alle tiltak som ikkje har heimel i overordna plan kan ikkje tillatast, og dermed er det ikkje tilstrekkeleg rom for å bruke dispensasjonsbestemmelsen tilknytt § 7-4. Men - dersom tiltaket ikkje har negativ påverknad på personsikkerheita og det under normale omstende ville kunne verte gitt dispensasjon – kva er då logikken

for ikkje å kunne dispensere fra formålet i desse områda?

- Større moglegheit for kommunane til å vurdere kva som gagnar lokalsamfunna best. I dette ligg også at Statsforvaltarane må få mynde til å gjere konkrete tilpasningar gjennom god vurdering av enkeltsaker. I dette bør også ligge opning for bruk av detaljregulering for mindre areal/tiltak i ein del tilfelle, og ikkje eit absolutt krav om områderegulering.
- 7-4 annet ledd bør opne for bruksendring og det må presiserast kva som meinast med “mindre tilbygging, påbygging og underbygging”.

Med vennleg helsing

Stranda kommune

Jan Ove Tryggestad

Ordførar

Einar Lied

Kommunalsjef plan og utvikling

Svein Erik Rimstad

Varaordførar

Einar Lied

Kommunalsjef plan og utvikling

Dette brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har derfor ikkje signatur.

Kopi til:

Vedlegg:Dok.dato

Tittel

Dok.ID

Endring i byggteknisk forskrift - uttale.

TEK17 § 7-4 - Innspill og erfaringer frå Stranda Norddal og Stordal kommunar v2 (002)

Se vedlegg

- TEK17 § 7-4 - Innspill og erfaringer frå Stranda Norddal og Stordal kommunar v2 (002) (2).pdf
 - Endring i byggteknisk forskrift - uttale.docx
-



TEK17 § 7-4

Innspel og erfaringar frå Stranda, Stordal og Norddal kommunar

Innspel og erfaringar
frå Stranda, Stordal og
Norddal kommunar

- Alle kommunane har fleire bygdelag i oppskyllings- og evakueringszone:
 - Stranda, Hellesylt og Geiranger i Stranda kommune
 - Stordal og Dyrkorn i Stordal kommune
 - Valldal, Fjøra, Tafjord, Norddal og Eidsdal i Norddal kommune






Over: Hellesylt
Til venstre: Geiranger

Til venstre: Valldal
Til høyre: Eidsdal



Beredskapsplan for fjellskred



Figur 1-1 Beredskapsplanar mot fjellskred skal utarbeidast i tre nivå.

Farenivå og beredskap

- Alle tiltak er planlagt utifrå beredskapsnivå som følger fire definerte farenivå; låg (grøn), moderat (gul), høg (oransje) og ekstrem (raud)

Tabell 4-1 Samanheng mellom geologisk situasjon, farenivå, og beredskapsnivå og -tiltak

Geologisk situasjon	Farenivå	Beredskapsnivå og -tiltak
Stabil bevegelse	Lav fare	Grøn beredskap:
Stabil bevegelse, sesongvariasjon		<ul style="list-style-type: none"> • Overvaking • Planlegging • Øving
Økt bevegelse, utover sesongvariasjon	Moderat fare	Gul beredskap:
		<ul style="list-style-type: none"> • Intensivert overvaking • Gjennomgang av planverk • Aktivering av samordningsfora • Forberede komplekse tiltak • Informasjonstiltak
Akselererande bevegelse	Høg fare	Oransje beredskap:
		<ul style="list-style-type: none"> • Intensivert beredskap • Flytting av sårbare objekt • Reduksjon av aktivitet og ferdsel
Skred nær føreståande	Ekstrem fare	Raud beredskap:
Skred har gått, kan gå igjen		<ul style="list-style-type: none"> • Evakuering • Redning
		Raud beredskap:
		<ul style="list-style-type: none"> • Oppretthalde evakuering • Re etablering av overvaking
Ingen eller liten fare for skred	Lav fare	Grøn beredskap:
		<ul style="list-style-type: none"> • Normalisering


§ 7-4 (1) b) «personsikkerhet er ivaretatt»

- Målretta arbeid med beredskap frå nasjonalt til lokalt nivå, der det er brukt store ressursar på å kartlegge risiko og etablere god beredskap
- Utarbeidd forsvarleg beredskapssystem basert på **sanntidsovervaking, varsling og evakuering**
- Døgntidovervaking (statleg ansvar) gir tryggleik
- 10 kommunar har utarbeidd straumlinjeforma beredskapsplanverk
- Felles planverk med politi, fylkesmann og NVE
- Lokasjonsbasert varsling (tyfon og SMS) med jamnleg øving
- Direkte informasjon til alle private og næringsdrivande i evakueringssona




TEK17 §7-4 – Utfordringar for kommunane rundt Storfjorden

- Fører til omfattande reguleringsarbeid og lang sakshandsamingstid
- Hellesylt sentrum: Oppstart 2009 – godkjent 2015
- Geiranger: Oppstart 2014 – under handsaming av kommunaldepartementet – tidlegast klar 2020



TEK17 §7-4 – Utfordringar for kommunane rundt Storfjorden

- Tilnærma byggestans dersom byggesak ikkje er i tråd med overordna plan
- Eks. Geiranger hotell (S3 i bilde til høyre) dispensasjon frå plan, bygging på Torgområde T2
- Tilbygg 136 kvm – tilrådd av Stranda kommune med henvisning til TEK17 § 7-4 annet ledd
- NVE einig – FM ueinig, og viser til § 7-3 tredje ledd bokstav a, maks utbygging 50 kvm



TEK17 §7-4 – Utfordringar for kommunane rundt Storfjorden

- At alle vilkår må være oppfylt er ei stor utfordring
- Særleg punkt e er utfordrande og kostnadskrevjande med mange bygder langs fjorden, og særleg med omsyn på omfanget planane må ha
- Vurderinga av punkt a og c er ofte vanskelege
 - For ei lita bygd vil alle restriksjonar føre til negative konsekvensar
 - Alternative areal finnes alltid, men korleis skal dette vektast mot punkt a?
 - Tilgjengeleg areal, men ingen infrastruktur – små kommunar har ikkje ressursar til å ta kostnaden med flytting



§ 7-4 Andre ledd: Tiltak utan fare for liv og helse

- «Mindre tilbygging, påbygging eller underbygging kan tillatast.»
- Veiledning: Understrekar føresetnad om at bruk ikkje vert auka
- Persontryggleiken er i varetatt, så auka bruk bør tillatast gjennom andre ledd
- Vil føre til at mindre tiltak med uvesentleg konsekvens kan gjennomførast og bidra til at bygdene overlever.



Konklusjon og innspill

- Punkt a-e i TEK17 § 7-4 bør presiserast meir i forskrift eller i veiledning
- Vurdere om punkt e om overordna plan kan sløyfast der eksisterande bruk er etablert
- Alle tiltak som ikkje har heimel i overordna plan kan ikkje tillatast, og dermed er det ikkje tilstrekkeleg rom for å bruke dispensasjonsbestemmelsen tilknytt § 7-4. Men - dersom tiltaket ikkje har negativ påverknad på personsikkerheita og det under normale omstende ville kunne verte gitt dispensasjon – kva er då logikken for ikkje å kunne dispensere fra formålet i desse områda?
- Større moglegheit for kommunane til å vurdere kva som gagnar lokalsamfunna best
- § 7-4 annet ledd bør opne for bruksendring og det må presiserast kva som meinast med «mindre tilbygging, påbygging og underbygging»

STRANDA KOMMUNE

SAKSPAPIR

Saksbehandlar: Einar Lied	Arkivsak: 22/721
	Journalpost: 2

Styre, råd, utval:	Møte dato:	Saknr.:
FORMANNSKAPET	01.07.2022	075/22

Endring i byggeteknisk forskrift - uttale.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Administrasjonen får fullmakt til å kome med høyringuttale med utgangspunkt i tidlegare innspel i saka.

01.07.2022 FORMANNSKAPET

Møtebehandling

Vedtak samrøystes

FOR - 075/22 Vedtak

Administrasjonen i samarbeid med ordførar og varaordførar får fullmakt til å kome med høyringuttale med utgangspunkt i tidlegare innspel i saka.

SAKSUTGREIING

Bakgrunn for saka

Pågåande arbeid med endringar i TEK17 §7.4

Saksopplysningar

Direktoratet har over fleire år arbeidd med endringar. Stranda kommune er ei av kommunene som på eit tidleg tidspunkt vart invitert av direktoratet til å kome med erfaringar og vurderingar kring tenlege endringar. Våre erfaringar og synspunkt vart formidla gjennom fleire møter.

Det går fram av høyringa at dette er første del av fleire endringar.

Største endringane for Stranda kommune no er at det vert større moglegheit for å plassere blålysstasjonar i faresona for flodbølge. Vidare vert det enklare sakshandsaming for t.d. mellombels brakkerigg i faresona.

Vurdering

Grunna svært kort tid mellom tilsending og høyringsfrist får vi ikkje til ein fullgod høyringuttale til formannskapsmøte. Ein rår til at administrasjonen får fullmakt til å kome med høyringuttale med utgangspunkt i tidlegare innspel i saka.

